

Forskerforum

TIDSSKRIFT FOR NORSK FORSKERFORBUND



Nytt nederlag for Clemet

Universitets- og høyskoleloven ser ikke ut til å gjennom i Stortinget. Ap, SV og Frp går mot regjeringens forslag om ekstern styreleder og enhetlig ledelse. Selv i regjeringspartiene er mange skeptiske til endringene i styringsstruktur. – Vi er fornøyde med den styringsmodellen vi har, sier KrFs Arne Lyngstad.

Nr. 2/2005 – 37. årgang
Tidsskrift for Norsk forskerforbund
Forskerforum blir redigert etter Redaktørplakaten.
Redaksjonen avsluttet 26. januar 2005.

REDAKSJON

REDAKTØR: Kjetil A. Brottveit (vikar)
REDAKTØR: Ingar Myking (permisjon)
BLADBUNAD: Ragnhild Gram

REDAKSJONSRAÐ

Martin Eide, professor UiB
Helge Salvesen, bibliotekdirektør UiTø
Reidun Høydal, Møreforskning/Høgskulen i Volda

ADRESSE

Forskerforum, Tollbugt. 35, 0157 Oslo
Telefon: 21 02 34 00
Telefaks: 21 02 34 01
E-post redaksjon: k.brottveit@forskerforbundet.no

Trykk/eksedisjon: Øyvind Glomvik AS
ISSN 0800-1715
Opplag 17 000

ANNONSER

ANNONSE: Arne Aardalsbakke
Telefon: 64 87 67 90
Telefaks: 64 87 67 91
E-post: forskerforum@c2i.net

Format

1/1 side	16900
1/2 side	11900
1/3 side	8500
1/4 side	6500

Stilling / kunngjøringer: kr 27,- pr spaltemm.
Alle priser er oppgitt ekskl. mva.

UTGIVELSESPLAN

nr. 1/2005	3. januar
nr. 2/2005	31. januar
nr. 3/2005	28. februar
nr. 4/2005	31. mars
nr. 5/2005	2. mai
nr. 6/2005	1. juni

Neste nummer: 28. februar. Deadline: 16. februar.
Redaksjonen forbeholder seg retten til å forkorte innsendte innlegg. Sender du inn stoff, legg ved diskett eller bruk e-post/attachment.

Internett: <http://www.forskerforbundet.no>

Omslagsillustrasjon: Heidi Ring/DIPP



aktuelt

6 UNIVERSITETS- OG HØGSKOLELOV

Regjeringens forslag om ekstern styreleder og enhetlig ledelse blir trolig nedstemt i Stortinget. Fremskrittspartiet har tonet flagg mot lovforslaget, og selv i regjeringspartiene er mange skeptiske til endringene i styringsstruktur.

8 LØNNSPOLITIKK

Forskerforbundet er i åpen konflikt med hovedorganisasjonen Akademikerne. Akademikerne Stat vil helst forhandle all lønn lokalt, en uspiselig politikk for Forskerforbundet. Leder Kolbjørn Hagen lar tilknytningen til Akademikerne være opp til medlemmene.

10 KARAKTERPRESS

71 prosent av studentene fikk karakteren A på en eksamen ved Universitetet i Tromsø. Rektor Jarle Aarbakke mener at påvirkning fra utlandet kan presse karakterene oppover.

12 LOKALISERING AV NTNU

Trondheim: Skal universitetet samles i sentrum? Det betente spørsmålet avgjøres på NTNUs styremøte 8. februar. To utfall er sannsynlige: Et klart nei, eller et betinget ja.

magasin

15 FRA LANDBRUKSHØGSKOLE TIL UNIVERSITET

Landbrukshøgskolen er historie. Institusjonen på Ås har lenge drevet med mer enn avansert landbruk, og nå er nytt navn på plass: Universitetet for miljø og biovitenskap. Hvordan ser de ansatte på universitetsstatusen?

18 NY DIREKTØR I FORSKNINGSRADET

Arvid Hallén har vært forsker, forskningsleder og institutt-sjef, samt underdirektør i Norges forskningsråd. Nå har han entret toppen av Forskningsrådet. Hvordan mener den tidligere samfunnsforskeren at forskningsmidlene bør fordeles?

21 AKADEMISK UTSKJELLING

Julia Kristeva visste knapt hva tildelingen av Holberg-prisen skulle føre til. Valget av den franske professoren avdekket klassiske motsetninger mellom fagtradisjoner ved Universitetet i Bergen. "Eg kan vanskelig finne henne vitskapleg," skrev økonomiprofessor Sjur Didrik Flåm, og det var bare en start.

forbundssider

37 FORBUNDET INFORMERER

37 INNSPILL: Forbundsleder Kolbjørn Hagen

38 INNSPILL: Styremedlem Astri Ottesen

faste spalter

30 LESERBREV: Siteringsindeks, Akademikernes lønns-politikk, ny Universitets- og høgskolelov, EU og utdanning, klimaforskning etc



Tenk at det kan nytte

DET KAN VÆR HARDT å bo der du bor. Men nøden e ikkje naken her i nord." Slik heitte det i "Sammen for livet"-songen for 20 år sidan. Då det nærma seg refrenget, drog dei til: "Tenk at det kan nytte".

I all vår påkleddde naud i nord, har det byrja å sive ut: Regjeringa ser ikkje ut til å få fleirtal for framlegget til ny Universitets- og høgskolelov. Den 12. februar legg Kyrkje-, utdannings og forskingskomiteen fram innstillinga si i Stortinget. Innan den tid har forskarar og studentar samla seg til appellar og demonstrasjonar, dei har vifta med faklar framfor Stortinget. Kan det nytte? Sameininga av kreftene er viktige nok, men truleg ikkje direkte avgjerande denne gongen. Det avgjerande er Framstegspartiet, som i god tid før mønstringane sa at dei gjekk mot delar av proposisjonen.

DET ER SPESIELT TO punkt ved styringsstrukturen som har vore omstridde i lovframlegget. For det fyrste går regjeringa inn for at styreleiaren ved universitet og høgskular skal vere eksternt oppnemnd av departementet. For det andre vil regjeringa ha *einskapleg* leiding av universitet og høgskular. Rektor går ut av styret, men vert dagleg leiar både administrativt og fagleg. Det er opp til institusjonane sjølve om dei vil velje eller tilsetje rektor.

Framlegga vert grunngejevne slik i samandraget av proposisjonen frå departementet: "For å styrke institusjonenes strategiske handlekraft og legge til rette for klarere ansvarsforhold, fremmes det forslag om enhetlig ledelse og ekstern styreleder. (...) Forslaget om å innføre ekstern leder av styret er en naturlig konsekvens av forslaget om enhetlig ledelse, og er motivert av ønsket om å styrke styrets stilling som strategisk organ, samt av behovet for en klar styringslinje fra departementet."

VENSTRESIDA MEINER AT ekstern styreleiar smakar av marknadstilpassing og liberalisme, men dette framlegget kan ein òg imøtegå frå ein annan vinkel. "Fremskrittspartiet går inn for selvstyrte enheter, og for oss er det viktig at beslutningen om styringsmodell skjer ved et kvalifisert flertall i institusjonens styre," seier Arne Sortevik, Frp-representant i KUF-komiteen på Stortinget til Forskerforum. I understrekinga av sjølvstyre, kan ein òg leggje vekt på fridom frå politikarane. Det er trass alt departementet som etter framlegget skal *utnemne* styreleiaren.

UNIVERSITETA I OSLO og Bergen har gått inn for at *vald* rektor framleis skal vere styreleiar. Dei tyngste argumenta for ei slik ord-

ning er velkjende: Val gjev rektor legitimitet. Legitimiteten er òg forplikande. Ein vald rektor vil ha sterkare lojalitet nedover i systemet.

Jan Fridthjof Bernt, professor i offentlig rett ved Universitetet i Bergen, skreiv i fjor haust eit innlegg i Forskerforum. Der argumenterte han grundig mot den nye rektorrolla i lovframlegget, rektoren som er både fagleg og administrativ sjef. Han åtvare mot at ein slik rektor ikkje ville kunne unngå å verte prega av "den administrative rasjonalitet" han var sett til å forvalte. Bernt frykta med rette ei forskuving av balansen i leiarskapen: "(...) typisk vil en administrativ leder vektlegge budsjettammer, god økonomiforvaltning, intern administrativ effektivitet, og forholdet til politiske myndigheter og kommersielle samarbeidspartnere, mer enn valgte ledere." Valde rektorar kan i større grad halde kritisk avstand til desse omsyna, meinte Bernt. Han la spesielt vekt på situasjonar der viktige fag- eller utdanningspolitiske prinsipp står på spel, til dømes dersom forskingsfridomen kjem i konflikt med kommersielle eller politiske interesser. Det er ikkje vanskeleg å seie seg samd i ei tid der universitet og høgskular opplever stadig sterkare krav om inntening både i form av produserte studiepoeng/vitskaplege publikasjonar og i form av oppdragsforskning.

STRIDEN OM lovframlegget har fått mange til å tenkje at det kan nytte. Kampen for sjølvstendig forskning og uavhengige institusjonar har vorte vitalisert. Eit nytt nettverk, Fritt Akademia, er etablert. Fagrørsla ved til dømes Forskerforbundet, NTL og LO i Oslo er med i tillegg til studentorganisasjonar og lokale partilag.

Forskerforum gjekk i trykken før demonstrasjonane i Oslo og Bergen vart avvikla. Parolane bae stader handla om demokratisk valde leiarar og rektor som styreleiar, nei til kommersialisering av utdanning, vern om gratis utdanning og forsvar av forskingsfridom. Stikkorda er nok til å minne om at det kjem fleire grunnar til å halde faklane klare, og ein kan ikkje rekne med hjelp frå Frp kvar gong.

Vi har ei regjering som fortener stadig lågare tillit frå denne sektoren. Etter det fåfengte forsøket på å gjere universiteta og høgskulane om til særlovsselskap, kom denne runden om styringsstruktur. Lat meg til slutt nemne oppseiinga av avtalen som sikrar jamn fordeling av arbeidstid mellom forskning og undervising.

Kristin Clemet: Kan hende er du ikkje så redd for Forskerforum, men til hausten er det val. Tenk om dét kan nytte.

NOTISER

Meir fusk i Sverige

Det vert stadig vanlegare at svenske studentar fuskar, melder Aftonbladet. Studentfusket handlar vanlegvis om kopiering av tekster frå internett. Sidan 2001 har talet på rapporterte tilfelle auka med 116 prosent, viser ei undersøking som SVT har gjort. I 2003 vart 171 studentar utestengde frå svenske universitet og høgskular på grunn av fusk.

– Det er klart at ein vert sinna. Det er så mange som strevar og vil oppnå ein god karakter på ærleg vis. Og så finst det folk som øydelegg det, seier studenten Madeleine Lundquist til SVT.

Ifølgje SVT hadde Södertörns högskola 11 rapporterte tilfelle av fusk i 2003. I 2004 var sifra nesten femdobla. Høgskulane vil no skjerpe kontrollen.

Tildelinger fra Norgesuniversitetet
Norgesuniversitetet opplyser om at det tildeler 11 millioner kroner for 2005 i støtte til 45 prosjekter innenfor utvikling av fleksibel IKT-støttet læring ved norske høyere læresteder. 22 av prosjektene startet opp i fjor, og hadde fått forhåndstilsagn om støtte i 2005. 23 nye prosjekter får støtte. Tildelingen skjer etter føringer fra Utdannings- og forskningsdepartementet, og etter en vurdering av 88 søknader om midler på til sammen 42 millioner kroner. Prosjektene omfatter et mangfold av fag og læresteder på universitets- og høgskolenivå. Neste søknadsfrist er 1. oktober 2005. Det kan også komme spesielle utlysninger, heter det på hjemmesiden til Norgesuniversitetet.

Gir 250 millioner til Universitetet i Bergen

Bergens rikeste mann Trond Mohn gir 250 millioner kroner til en ny forskningsstiftelse ved Universitetet i Bergen. Stiftelsen får navnet Bergen forskningsstiftelse. Avtalen mellom UiB og Mohn ble undertegnet før jul. Mohn stiller ingen betingelser ved gaven og han ønsker ikke at stiftelsen skal bære hans navn. Styret i stiftelsen skal bestå av fem medlemmer der Mohn selv vil utnevne to av medlemmene, mens UiB utnevner tre. Styret bestemmer hvordan pengene konkret skal brukes.

Den rause milliardæren har gjort det stort på produksjon av skipspumper gjennom Frank Mohn-gruppen. Mohn holder meget lav profil, og ønsker ikke å la seg intervju om pengegaven til UiB.

I løpet av 2004 har Trond Mohn gitt cirka 140 millioner kroner til forskning, blant annet til Haukeland Universitetssykehus og Nansen-stiftelsen.



UiB har fått en uvanlig stor gave. (Foto: Forskerforum)

Godkjenning flyttes til UFD

Akkrediteringen av nye mastergradsprogrammer som utføres av NOKUT, vil kreve en endelig godkjenning av Undervisnings- og forskningsdepartementet (UFD) når ny UH-lov trer i kraft fra høsten. Tidligere har Kongen i statsråd hatt myndigheten til å godkjenne slik akkreditering. Lovendringen skal være av formell karakter, og NOKUT bekymrer seg ikke for at UFD vil legge seg opp i organets uavhengige kvalitetsarbeid i universitets- og høgskolesektoren som følge av den.

– Man delegerer oppgaven til fagdepartementet fordi det ikke er nødvendig at hele regjeringen dras inn i godkjenningen, sier Eva Liljegren, jurist i NOKUT. Forslaget til lovendring ble nylig innstilt på fra KUF-komiteen på Stortinget, mot merknad fra uavhengig representant Ursula Evje.

– Akkreditering gitt av NOKUT burde ikke kreve ytterligere godkjenning fra departementet, bemerker Evje overfor Forskerforum.

Bølgjer i blågrønn matallianse

1. desember 2004 leverte NHO-direktør Finn Bergesen jr. ei innstilling om "Den blå-grønne matalliansen" til fiskeri- og kystminister Svein Ludvigsen og landbruks- og matminister Lars Sponheim. Bergesen var leiar for styringsgruppa bak innstillinga, som legg opp ny struktur i fiskeri- og landbruksforskninga. I forslaget heiter det mellom anna at målet er meir kunnskapsproduksjon og innovasjon for forskingsmidlane.

Forskingssjef Bjørn Eirik Olsen ved Fiskeriforsking og professor Kjell Grønhaug ved Norges Handelshøyskole er ikkje oppglødde for Bergesen-utvalet si innstilling. I DN 5. januar 2005 hevdar dei at forma til Blå-grønn matallianse er uheldig, då dei ser den som ein byråkratisk konsernaktig umoderne modell med monopolliknande trekk.

Dei skriv at dei er for ei modernisering av instituttsektoren, men at dette er feil veg å gå. Dei hevdar også at modellen i forslaget ikkje høver for forskingsmiljøa: "Den foreslåtte konsernmodellen preges av en gammeldags idé om at de som sitter på toppen har kunnska-

pen. I industriproduksjon er dette mulig, ikke i forskning, hvor medarbeiderne må være de som vet mest om sine forskningsproblemer og sine målgrupper for å kunne levere et anvendbart produkt. Det betyr ikke at man ikke trenger ledelse, men ledelsens rolle blir en annen".

Bergesen svarar i eit debattinnlegg i Dagens Næringsliv at forslaget vil fremje tettare samarbeid med næringslivet, god koordinering med universitet og høgskular, og legge eit godt grunnlag for internasjonal konkurransedyktig forskning. "Styringsgruppens forslag vil gi bedre vilkår og mer midler til god forskning, og til gode miljøer. Det vil gi fortrinn til den som får til godt samarbeid med næringslivet. Forskingen vil bli mer markedsstyrt. Koblingen til universitetene skal også gi god kobling til mer langsiktig grunnleggende forskning", skriv Bergesen jr.

Allianseframlegget har også skapt "sentrum-periferi-aktige" debattar. I avisa Nationen skriv Sveinung Engeland på kommentarplass under tittelen "Blågrønn smørje" at "det som skulle være en forbrødring mellom

hav og land, er blitt til en real kamp mellom forskningsmiljøene, en kamp om ressurser, men også, for noen, om egen eksistens". I følgje Engeland er fiskeridelen av alliansen redd for å verte dominert av landbrukssektoren.

Havforskningsinstituttet stiller seg positive til tiltak som kan styrke innovasjon og verdiskaping i fiskeri- og havbruksnæringen, men meiner målet best kan verte nådd ved å bygge vidare på eksisterande marine forskingsmiljø.

Sitatet:

Vi har stivnet i troen på at alt kan reduseres til sex, makt eller klassekamp.

Nina Witoszek, professor ved Senter for miljø og utvikling, UiO, til Dagbladet. Avisa kåret Witoszek nylig til en av Norges ti viktigste intellektuelle.

Arbeidsrett

Rettssak om forskningstid

Forskerforbundet reagerer sterkt på at departementet delegerer retningslinjer om fordeling av arbeidstid. Nå går forbundet til arbeidsretten med saken.

– Samtlige arbeidstakerorganisasjoner i sektoren står sammen om dette. Saken kommer opp i løpet av våren, sier Kari Kjenndalen, generalsekretær i Forskerforbundet.

Retningslinjene fra 1992 fastsatte at arbeidstiden ved universiteter og vitenskapelige høyskoler skal fordeles jevnt mellom forskning og undervisning. Utdannings- og forskningsdepartementet (UFD) sendte 10. januar ut et brev der de sentrale retningslinjene blir opphevet. Fra nå av skal hver enkelt institusjon fastsette egne bestemmelser om fordeling av arbeidstid.

Del av særavtalen?

Striden handler om hvor tett disse retningslinjene henger sammen med særavtalen fra 1992 som regulerer lønns- og arbeidsvilkår for undervisnings- og forskerstillinger.

– Vårt utgangspunkt er at disse retningslinjene er en forutsetning for resten av særavtalen. Departementet kan ikke plukke ut en bit av avtalen på denne måten, sier Kjenndalen.

– Hvorfor er retningslinjene så viktige?

– Det viktigste er at de gir rett og plikt til jevn fordeling av forskning og undervisning over tid. De har samtidig bidratt til å sikre forskningsaktiviteten ved høyskolene, sier hun.

UFD viser i brevet til at retningslinjene ble utarbeidet parallelt med at særavtalen ble forhandlet, men legger vekt på at de ble "fastsatt av arbeidsgiver etter drøftingsmøte," og at de kan sies opp uavhengig av særavtalen.

Fleksibilitet

Kjenndalen mener at begge parter er tjent med særavtalen.

– Avtalen gir en stor grad av fleksibilitet for både institusjonene og de ansatte når det gjel-

der fordeling av arbeidstid. Avtalen har fungert godt over tid, også i omstillingsperioder.

– Tenker du på kvalitetsreformen?

– Ja, avtalen gir rom for å "ta topper", noe som er en fordel for begge parter. Det ville ha vært synd om den skulle ryke. Arbeidsgiverne risikerer å miste et effektivt verktøy for fleksibilitet i spørsmål rundt arbeidstid.

– Ved NTNU er det en heftig debatt om press på undervisningslokaler og forelesninger som av den grunn må holdes på kveldstid. Hva skjer med undervisning kl. 18 hvis en går bort fra særavtalen?

– Institusjonene vil fortsatt kunne pålegge de ansatte å undervise på kveldstid, men da til en helt annen betaling enn i dag.

– Styrke lokalapparatet

– Har dere ikke tiltro til at enkeltinstitusjonene løser dette på egen hånd?

– Mange er i en presset økonomisk situasjon, noe som kan føre til at de må gi mer undervisning og veiledning. Kvalitetsreformen har så langt gått utover forskningen. Vi har stadig flere rene undervisningsstillinger, og vi frykter at denne utviklingen vil fortsette.

– Hva skjer hvis dere taper rettssaken?

– Det finnes ulike scenarier. Vi må styrke lokalapparatet vårt og skolere tillitsvalgte slik at de kan håndtere den nye situasjonen. Videre må vi vurdere om det er hensiktsmessig å opprettholde særavtalen.

– Hvilke muligheter har Forskerforbundet dersom arbeidsgivere nekter å gå med på prinsippet om jevn fordeling?

– Lokalt er dette noe som kan skje, men jeg blir forbauset om en slik utvikling er mulig uten at det kommer store protester.

Av Kjetil A. Brottveit



Særavtalen er gunstig for både arbeidsgivere og arbeidstakere, mener Kari Kjenndalen, generalsekretær i Forskerforbundet. (Foto: Forskerforum)

Satan som universitetsfag

Eit paveleg universitet i Roma skal frå i vinter av tilby seminar om satanisme og eksorsisme, for å motverke den aukande oppslutninga til satanistiske sektar i Italia. Kursa er tilpassa både prestar og folk utan teologisk utdanning, vert det opplyst ved Regina Apostolorum-universitetet.

Blant faga det vil bli undervist i er demonologi (læra om djevelen), djevelen slik han er omtala i heilage tekstar. Dei vil også kome inn på medisinsk behandling av menneske som verkar å vere styrte og forgjorde av djevelen. Ein av lærarane på kurset, forfattar og journalist Carlo Climati, seier at seminaret vil verte avslutta ved at to eksorsistar fortel om røynslene sine. Han seier at ein viktig del av opplæringa vert å kunne slå fast skilnaden mellom ein sjuk person som treng medisinsk behandling, og ein som er styrt av djevelen. Oppgåva til ein eksorsist er å drive dei vonde makten ut av eit menneske. (NRK-Ananova)

Flere doktorander i USA

Antall kandidater med doktorgrad som går ut av amerikanske universiteter blir ofte brukt som en indikator på landets lederskap innenfor teknologi. Fra 1. juli 2002 til 30. juni 2003 ble det delt ut hele 25.258 doktorgrader innenfor tekniske fag. Dette er en økning på 2,8 prosent sammenlignet med samme periode et år tidligere, skriver news.com.

Dette blir sett på som godt nytt etter at USA nådde en topp i 1998. Senere har det bare falt inntil de nye tallene ble kjent. Å ha et høyt antall kandidater med doktorgrad blir sett på som positivt for grunnforskningen og hvordan den kan ende opp i nye produkter og, i visse tilfeller, ny industri. (Computerworld)

Sprikende høgskolekarakterer

Karakterene er oppblåst gode ved noen distriktshøgskoler. Det kan en analyse av karakter- og opptaksdata fra Norges Handelshøyskole (NHH) tyde på, skriver Nationen.

Karakteranalysen avdekker store skjevheter mellom lærestedene. Forskjellene på høgskolene som er mest og minst strenge på karakterene, er så store at det kan koste studentene opptil fem ekstra semestre å skaffe seg tilsvarende tilleggs-poeng, viser beregninger foretatt ved NHH.

Førsteamanuensis Jarle Møen og kontorsjef Martin Tjelta har gjennomgått NHHs opptaks- og karakterdata, og mener mye tyder på at statlige høgskoler med økonomiske og administrative studier systematisk bedømmer prestasjonene til studentene ulikt.

– Studier med spesielt snill karakterpraksis kjennetegnes ved at de rekrutterer svake studenter. I noen grad har de også et lavt studentantall. I mange tilfeller vil nok dette være de mindre læresteder i distriktene, men her er det ingen automatikk, sier Møen til Nationen.

Universitets- og høyskolelov

– Lenge til omkamp om styringsreform

Tilsetting i stedet for valg av rektor. Departementsutnevning av ekstern styreleder. Begge deler er uspiselig for stortingsflertallet. Selv regjeringspartiene uttrykker lettelse over at UH-institusjonene selv får velge styringsmodell.

Stortinget ser ut til å avvise sentrale deler av regjeringens forslag til å endre loven om universiteter og høyskoler. Målet om endret styring av sektoren gjennom departementsutnevnt styreformann og ansettelse av rektor vil ikke bli nådd, melder stortings-

flertallet.

– Presset er tatt ut av saken nå som ledesmodellen forblir den valgfrie, og vi beholder den gamle styringsstrukturen, sier saksordfører i Stortingets Kirke-, utdannings- og forskningskomité (KUF-komiteen)

Vidar Bjørnstad fra Arbeiderpartiet. Hans eget parti mener det bør være valgfritt "å beholde en styringsform som man mente var god nok for to år siden." De andre politiske partiene er enige, etter Forskerforums kjennskap til arbeidet i partigruppene.

Standpunktet til SV og Arbeiderpartiet har vært klart i regjeringens disfavør siden Ryssdal-utvalget la fram sin rapport i 2003. I løpet av forrige måned ble det tydelig at også Senterpartiet motsetter seg lovforslagene om at departementet utnevner styreleder og at rektor kan anses av styret i stedet for å bli valgt med bred kollegial støtte. Spenningen har knyttet seg til hvordan Fremskrittspartiet ville reagere på proposisjonen.

– Fremskrittspartiet går inn for selvstyrte enheter, og for oss er det viktig at beslutningen om styringsmodell skjer ved et kvalifisert flertall i institusjonens styre, sier FrPs Arne Sortevik i KUF-komiteen. Etter at FrP tok standpunkt som stortingsgruppe i januar, presiserte Sortevik overfor Forskerforum at det er helt uaktuelt at Undervisnings- og forskningsdepartementet (UFD) griper inn og utnevner styreledere i UH-sektoren før institusjonene eventuelt ber om dette selv.

V og KrF lettet

Under høringen av Ryssdal-utvalgets to rapporter gikk et overveldende flertall av UH-institusjonene i mot forslag om utnevning og ansettelse av lederne.

– Jeg har knapt hørt noen i sektoren uttale seg i mot den lovteksten vi har i dag, sier leder i KUF-komiteen Rolf Reikvam (SV).

Både Venstre og Kristelig Folkeparti er i utgangspunktet motstandere av regjeringens forslag til endret styringsstruktur i UH-sektoren. Begge partiene signaliserer lettelse over at Stortingsflertallet har stanset Kristin Clemets mulighet til å kapitalisere på regjeringens reformiver.

– Vi er fornøyde med den styringsmodellen som vi har allerede, stadfester KrFs Arne Lyngstad i KUF-komiteen. Han vedgår at KrF har vært med på et kompromiss i regjeringen "hvor vi måtte manøvrere." Trine Skei Grande fra Venstre antyder at partiets program er ivarettatt når regjeringens forslag ikke går gjennom på punktene om styringsstruktur.

– Det er ikke i stor strid med Venstres program at vi beholder den valgfrie styringsmodellen, så får dere tolke resten, sier Skei Grande til Forskerforum.

Partiet Høyre har i utgangspunktet også vært åpent for en valgfri styringsform. I følge nestleder i KUF-komiteen Søren Fredrik Voje (H) valgte partiet å stille seg bak Ot.prp. 79 av hensyn til regjeringen.

Nederlag

SVs Rolf Reikvam finner det underlig at regjeringspartiene uttrykker lettelse over regjeringens nederlag med Ot.prp. 79.



Kristin Clemet vil opprettholde kravene til UH-sektoren, selv om institusjonene selv får velge styringsmodell. (Foto: Ingar Myking)

– Regjeringen har ikke oppfattet signalene fra sektoren, eller de har kjørt dette løpet ut fra et politisk motivert standpunkt, der dette var det siste store slaget som ikke var tapt, vurderer Reikvam. Han tror ikke på noen snarlig omkamp om stridstemaene i lovendringsforslaget, nettopp fordi Stortinget ser ut til å være avklart på sitt standpunkt.

I slutten av januar la nettverket Vox Academica opp til en landsomfattende markering i Universitetets Aula og arrangerte fakkeltog gjennom Oslo sentrum. Leder og initiativtager Henning Jakhell, professor i offentlig rett ved Universitetet i Oslo, har fått med seg 4300 ansatte i UH-sektoren til å skrive under på deres motstand mot lovendringer som berører rett til fri forskning og valgte ledere med bred kollegial støtte.

– Det er nesten for godt til å være sant at flertallet av partiene på Stortinget avviser regjeringens lovforslag, sier Jakhell.

– Ripe i lakken

Forskerforbundets leder Kolbjørn Hagen tolker regjeringens nederlag som et signal om at innsigelser fra universitets- og høyskolesektoren har innvirkning på politikken.

– Utgangspunktet var dårligst mulig etter at flertallet i Ryssdal-utvalget avga sin innstilling. Siden har regjeringen gjort endringer til mindretallets fordel slik at vi unngikk ny foretaksform og eksternt styreflertall ved universitetene. Nå ser vi at ledelsesstrukturen som regjeringen vil ha, ikke når gjennom på Stortinget, kommenterer Hagen. Han vurderer at Clemet har latt det gå prestisje i lovendringsforslaget.

– Jeg tror Clemet vil oppfatte dette som et nederlag for hennes politikk. Min mening er at nederlaget er en ripe i lakken for statsråden, sier Hagen.

Utdannings- og forskningsminister Kristin Clemet og statssekretær Bjørn Haugstad har oppfattet signalene om at Stortinget ikke vil innvilge forslaget til ny styringsmodell i Ot.prp. 79.

– Vi har ikke noe problem med at institusjonene får velge styringsmodellen selv, men vi vil ha de samme forventningene til at sektoren oppfyller ansvaret sitt, sier Haugstad.

– Er det ikke på tide at Kristin Clemet går tilbake på sine forslag og innrømmer at regjeringen har lidd nederlag om ny Universitets- og Høgskolelov?

– Nei, jeg ser ingen grunn til å gå tilbake på det valget vi har gjort, svarer Haugstad.

Av Andreas Høy Knudsen



Rolf Reikvam (SV) og resten av KUF-komiteen på Stortinget avviste store deler av regjeringens opplegg til ny universitets- og høyskolelov. (Foto: Forskerforum)



Fremskrittspartiet vil ikke gi Undervisnings- og forskningsdepartementet lov til å gripe ytterligere inn i styrene ved universiteter og høyskoler. Arne Sortevik i KUF-komiteen på Stortinget. (Foto: Stortinget)

Universiteter kan starte bedrifter

Danmark: Fra i år av har danske universiteter muligheten til å selvstendig danne og drive bedrifter skriver Erhvervsbladet.

Ifølge det danske organet blir det en stor omstilling for forskerne. Universitetene står ikke klare med et vell av forretningsideer og risikovillig kapital.

– Historien viser at danske universitet ikke har vært gode til å patentere og utnytte sin forskning kommersielt, sier Claus Hoffmann, ingeniør fra patentbyrået Awapatent A/S.

– Nå får de noen nye muligheter, og man kan håpe at universitetene vil få mer ut av oppfinnelser de gjør. Det skal en større mentalitetsendring til, før vi vil se mange nye universitetsseide virksomheter, sier Hoffmann.

Universiteter og institutter har siden år 2000 hatt lovlig anledning til å ta ut og eie patenter.

Forskningstokt til Framstredet

Norsk Polarinstitutt vil på forsommeren gjennomføre en klimaforskningsekspedisjon til Framstredet i samarbeid med Forsvaret, opplyser Miljøverndepartementet. Ifølge departementet vil dette være et vesentlig bidrag til internasjonal klimaforskning i markeringsåret for Norge som selvstendig nasjon. "Fram 2005" er en sivil-militær forskningsekspedisjon. Toktet innebærer bruk av Orionfly, Kystvaktas KV Svalbard, Norsk Polarinstitutt's forskningsfartøy R/V Lance og FFIs forskningsfartøy H U Sverdrup II.

– For Norsk Polarinstitutt og norsk klimaforskning gir samarbeidet med Forsvaret et ekstra løft. På denne ekspedisjonen blir det mulig å samle inn mer data fra forskjellige steder på samme tid enn på vanlige forskningsekspedisjoner. At Kystvakta stiller KV Svalbard til disposisjon gjør at en kan gå lenger vest i Framstredet og opprette målestasjoner på isflak, noe som vil kunne gi svært viktige bidrag til klimaforskningen, sier miljøvernminister Knut Arild Hareide.

UiB satsar på mat

Universitetet i Bergen satsar no tungt på ernæring, både som utdannings- og forskningsfelt, skriv Bergens Tidende. UiB marknadsfører satsingsområdet som tverrfagleg, nytenkjande og med fokus på helsemessige, marine og globale perspektiv. Tolv bergensstudenter er alt i gang med eit masterprogram i human ernæring, som vart etablert i fjor haust. Til hausten opprettar universitetet eit nytt masterstudium i klinisk ernæring. Ambisjonane er høge.

– Målet er betre livskvalitet og helse for både friske folk og pasientar, seier professor Alfred Halstensen, som er leiar for Programstyret for ernæringsutdanning og -forskning ved UiB.

– Det er stor interesse for ernæring, og vi forventar svært god rekruttering. Håpet er også at betre kunnskap inspirerer til større gründerverksemd, fleire arbeidsplassar og ny vekst, seier Halstensen til Bergens Tidende.

Lønspolitikk

Sentrale eller lokale oppgjer?

Leiar Knut Aarbakke i Akademikerne Stat vil ha ein større del av lønspotten til lokal fordeling. – Vi aksepterer lønsskilnader, men trur ikkje vi er tente med å forhandle alt lokalt, seier Kolbjørn Hagen, leiar i Forskerforbundet. Dermed er det open konflikt mellom Forskerforbundet og Akademikerne framfor mellomoppgjeret til våren.

Knut Aarbakke sa i Forskerforum nr. 1/05 at han i prinsippet vil at *alt* skal fordelast lokalt. Under lønsregimet i dag meiner han at minst halvparten bør fordelast lokalt. Det får Kolbjørn Hagen til å reagere:

– Vi ynskjer eit system som er relativt likt systemet vi har i dag med ei tredeling av potten: Sentrale forhandlingar med prosentvise tillegg, sentrale justeringsoppgjer og lokale oppgjer. Justeringsoppgjera er den einaste sjansen vi har til å betre gjennomsnittsløna i ein sektor der vi har størstedelen av dei tilsette som medlemmer. Eg meiner at vi med modellen vår kan få best uttelling, samtidig som vi ynskjer at alle medlemmene våre skal få del i lønsutviklinga, seier Hagen.

1/3 til lokale oppgjer

– *Kor stor del av potten vil Forskerforbundet ha til lokal fordeling?*

– Landsrådet vårt ynskjer ikkje modellen som fleirtalet i Akademikerne Stat gikk inn for, med ein så stor del til lokale oppgjer. Aarbakke seier at han primært vil ha ein modell der *alt* er til lokal fordeling, og der ligg usemja. Alle bør sikrast ein viss del av lønsutviklinga, og dette må skje sentralt, seier Hagen som understrekar at han og forbundet ikkje er prinsipielt mot lokale oppgjer:

– Kan hende opp til 1/3 bør fordelast lokalt. Det låg rundt der i 2002-oppgjeret, og det er omtrent så mykje som vi kan klare å handtere av lokale forhandlingar og.

– *Aarbakke argumenterer med at lokal lønsfastsetting fører til lønsskilnader, og at skilnader verkar lønsdrivande. Kvi for trur du ikkje på denne logikken?*

– I mange samanhengar kan det vere rett, men ikkje på dei institusjonane der Stortinget set rammene for budsjettet og der vi har mange medlemmer. Institusjonane vil ikkje ha meir å tilby same kor sterkt dei måtte ynskje det. Gjennom lokale forhandlingar vil det store fleirtalet ved disse institusjonane aldri få meir enn gjennomsnittleg lønsauke i staten. I dei siste oppgjera har vi fått vesentleg meir enn dette i dei sentrale justeringsforhandlingane.

– *Det har nyleg vore brot i dei lokale forhandlingane ved Universitetet i Oslo. Korleis les du det inn i denne samanhengen?*

– Det er òg brot i forhandlingane ved Høgskolane i Sør-Trøndelag og Narvik. Dette viser at lokale forhandlingar ikkje alltid er løysinga.

Nok fleksibilitet

Hagen meiner at lønssystemet i dag er fleksibelt nok med omsyn til lønsstillegg og individuelle skilnader.

– Det er ikkje fleksibiliteten som er proble-

met, men budsjettrammene, seier Hagen og viser til at professorar i dag er plasserte heilt frå lønstrinn 63 til 86.

– *Aarbakke tek til orde for forhandlingar på gruppenivå. Kva seier du til det?*

– Eg kan ikkje sjå at dette er nødvendig. Ein kan oppnå det same ved å bruke den individuelle potten og sentrale justeringar.

– *Aarbakke bruker eit døme: Dersom Forskerforbundet ved Universitetet i Tromsø ynskjer å heve løna til førstestillingane ved medisin, så hadde dei fått høve til det gjennom ein slik modell?*

– Det har ein høve til i dag òg. For stillingsgrupper der ein har problem med å rekruttere og halde på dei som er der, kan ein gje tillegg. Det finst vel knapt ein 1. amanuensis i juss i dag som ikkje tener vesentleg betre enn grunnløna for ein professor.

Trenge samarbeid

– *Akademikerne er negative til samarbeid med dei andre hovudsamanslutningane framfor mellomoppgjeret i vår. Kva meiner Forskerforbundet om dette?*

– Det er gjennom samarbeid vi har sjanse til å oppnå noko. Det viser ikkje minst dei to føregåande justeringsoppgjera. Denne gongen gjekk det dårlegare enn det kunne ha gjort på grunn av lina til Akademikerne. Når LO, YS og UHO går saman, har vi liten sjanse.

– *Meiner du at Akademikerne vert for små aleine?*

– Ja, det er makta som rår. Dersom dei tre

andre hovudsamanslutningane vert samde, går ikkje Riksmeklingsmannen mot dei.

– Nødvendig å synleggjere

– Er du redd for at Forskerforbundet med dette får dårleg PR, og at det kan gå ut over medlemstalet?

– Tvert imot. Men dersom vi ikkje hadde synleggjort usemja, kunne vi ha mista medlemmer.

– *Kjenner du til at folk har meldt seg ut, eller lete vere å melde seg inn i Forskerforbundet på grunn av denne saka?*

– Nei, vi har ikkje registrert noka utmelding, snarare tvert om.

– *Kven er allierte med Forskerforbundet i Akademikerne i spørsmålet om lønsmodellar?*

– Presteforeningen er på line med oss. Vi har òg fått delvis støtte frå andre.

– *Korleis vil Forskerforbundet føre saka overfor Akademikerne framover?*

– Vi har eitt medlem og ein observatør i Akademikerne Stat. Vi kjem til å delta i diskusjonen der, og ideelt sett burde det ha vore nok å synleggjere konflikten internt.

– *Kva om de ikkje får gjennomslag? Er det til å leve med å vere usamd med hovudsamanslutninga i ei så viktig sak?*

– Nei, eg håper verkeleg Akademikerne Stat forstår kor viktig denne saka er for Forskerforbundet. Medlemene våre vil aldri godta ein modell der heile lønstillegget vert forhandla lokalt.

– *Vil det i ytste konsekvens, dersom Forskerforbundet ikkje får gjennomslag, seie at de må vurdere å melde dykk ut av Akademikerne?*

– Det er det medlemmene som avgjer, og ikkje eg.

Av Kjetil A. Brottveit



– Medlemene våre kan ikkje akseptere lønsmodellen til Akademikerne. Dette kom tydeleg fram på landsrådet vårt, seier leiar Kolbjørn Hagen i Forskerforbundet.

Forskerforbundet

Motstridende interesser i lokallagene

Ansatte ledere som er underlagt instruksjon fra universitetsledelsen, skaper usikkerhet om fagpolitiske interesser innad i Forskerforbundets lokallag.

Ved det nyetablerte Universitetet i Stavanger (UiS) har Forskerforbundets lokallag allerede en av konserndirektørene innvalgt i sitt styre. Ifølge konstituert leder i FF-UiS Roar Hjulstad er utviklingen en forsmak på hva andre institusjoner i universitets- og høyskolesektoren kan vente seg de nærmeste årene. Hjulstad forsiker selv på ledelses- og organisasjonsteori og sitter i Forskerforbundets Landsråd.

– Det er åpenbart at det skapes motstridende interesser i lokallagene når de kollegiale rådene og styringsorganene i organisasjonen avvikes og erstattes av ansatte ledere, sier Hjulstad. Han viser til at den tidligere Høgskolen i Stavanger har tilpasset seg til dagens politiske signaler i høyere grad enn de etablerte universitetene i Norge.

– Vi valgte å tekkes departementet og statsråd Kristin Clemet for å posisjonere oss. Det har blant annet gitt oss noen erfaringer med nye tilsatte ledere på institutt-, senter- og fakultetsnivå, sier Hjulstad. Han tror det høye konfliktnivået ved institusjonen har kompromittert generelle motsetninger i fagforeningsarbeidet til forskere i Norge. Trond Eskeland, som var Forskerforbundets leder da tjenestemannsmodellen ble innført for fem år siden, bekrefter problemstillingen som Hjulstad tar opp. Han mener det er prinsipielt galt om ledere, enten de er valgte eller ansatte, skulle legge seg opp i fagforeningsarbeidet.

– Ansatte ledere er i prinsippet underlagt instruksjonsmyndighet fra universitetsdirektørens side, men dette ble ikke opplevd som særlig problematisk i min tid som leder av Forskerforbundet, sier Eskeland. Han mener grunnen er en viss tilbakeholdenhet med å instruere på de mer faglig betonte områdene.

Glidning

Forskerforbundet ble omgjort fra forbunds- til tjenestemannsmodell i 1999. Før den tid hadde forbundet omtrent 60 medlemmer, hovedsakelig i form av landsomfattende foreninger og foreninger ved den enkelte institusjon.

– Det enkelte medlem oppfattet likevel seg selv som personlig medlem av forbundet sentralt, og vi ønsket å skape ryddigere forhold, blant annet ved å gjøre hver enkelt til direkte medlem av Forskerforbundet, sier Trond Eskeland. Han viser til en utbredt forståelse for omorganiseringen, også fra de landsomfattende foreningene sin side, som ble sterkest berørt.

– Ved Universitetet i Tromsø husker jeg at de administrativt ansatte var engstelige for å bli overkjørt i ett lokallag fordi de var i mindretall, mens de vitenskapelige var engstelige for at de administrative skulle føle seg overkjørt. Dette skapte en slags balanse, bemerket Eskeland. Tillitsvalgte forskere i Oslo og Bergen meddelte overfor Forskerforum at faglige ledere

– valgte eller ansatte – hittil ikke har skapt interne motsetninger gjennom tillitsverv. Oppfatningen er at ledere som inntar slike posisjoner, selv tilpasser sin opptreden for å skåne kollegenes interesser.

– Dersom jeg ble ansatt som leder, ville jeg nok være skeptisk til å gå inn i lokallagsstyret i det hele tatt, sier Geir Ellingsrud, leder for Forskerforbundet ved UiO. Tidligere leder ved Forskerforbundet ved UiB, Bjarne Meidell, sier at gruppene i lokallaget opplever lite gnisninger. Meidell har vært tillitsvalgt forsker i Bergen siden tidlig på 1970-tallet, og han forstår bekymringen til Roar Hjulstad i Stavanger.

– Universitetet i Bergen har styrevedtak på at alle ledere skal være ansatte senest i 2007, og det er egentlig en trist utvikling for forskersamfunnet, sier Meidell.

Linje-lojalitet

Dersom forskere landet rundt regner seg som et samfunn, har en stigende andel av deres ledere ingen tilhørighet til dette samfunnet, mener Roar Hjulstad. Han viser til at lojalitet til egne kolleger ikke er noen konstant i forskersamfunnet.

– Erfaringer går ut på at de nye tilsatte lederne ikke forstår at de må trekke seg tilbake i møte med interesser som er spesielle for de ansatte forskerne, sier Hjulstad. Han mener årsaken ligger i den gradvise omgjøringen av universitetene til linjeorganisasjoner. Tilhørighet og interesser følger samme linje, og lojalitet er rettet oppover i systemet. Derfor er det naturlig å forvente at ledere kan benytte seg av en eventuell lokallagstilknytning til å tjene arbeidsgiverens sak.

– I et fagforeningsperspektiv blir vi sittende med grupper hvor ledere kan gå inn i fagforeningsstyrer. Som ansatte forskere er vi et proletariat – intet mer enn en arbeidende klasse. Vi opplever økt press for særlovsforretak og selvfinansiering, og det nytter ikke å komme springende etter at endringene er gjennomført, advarer Hjulstad.

Av Andreas Høy Knudsen

Idrett og ledelse i Molde

Høgskolen i Molde satser på idrett og ledelse.

– Målsetningen er at vi på litt sikt skal bli nummer en i Norge på dette området, sier koordinator Knut Anders Fostervold ved høgskolen til Romsdals Budstikke.

I dag er det i første rekke Idrettshøgskolen i Oslo og Høgskolen i Telemark som konkurrerer med Molde om studenter som vil utdanne seg gjennom en kombinasjon av idrett og ledelse.



Universitetene er i ferd med å bli linjeorganisasjoner hvor ledelsen får instruksjonsmyndighet inn i lokallagene, ifølge FF-leder og organisasjonsforsker Roar Hjulstad ved Universitetet i Stavanger. (Foto: Kjetil Einan Storeide)



– Det må være en selvfølge at lokallaget ikke brukes til å fremme arbeidsgivers interesser der disse er i strid med ansattes, sier Randi Halveg Iversby til Forskerforum. Hun er tillitsvalgt på fulltid for Forskerforbundet ved UiO på Blindern. (Foto: Kjetil Einan Storeide)

UiTø: Få reiser til utlandet

UiTø har nærmere 140 utvekslingsavtaler, men hadde i fjor kun 51 utreisende studenter, melder Tromsøflaket. Universitetet i Tromsø ønsker at enda flere studenter tar et opphold i utlandet som et ledd i sin utdanning. Målsettingen er at til sammen 10 prosent av studenttallet til enhver tid enten er inn- eller utreisende utvekslingsstudenter. I dag er dette tallet fire prosent.

Sensurpraksis

Barnesjukdomar i nytt karaktersystem

71 prosent fekk karakteren A på ein mastereksamen i filosofi ved UiTø. Rektor Jarle Aarbakke avviser at manglande ekstern sensur kan ha verka inn.

Aarbakke meiner årsaka til det oppsiktsvekkande resultatet ligg i kombinasjonen av eit sterkt kull, press frå utlandske karaktervarnar og eit enno ferskt norsk karaktersystem.

Viserektor for utdanning ved UiB, Leiv Sydnes, stadfestar presset frå utlandet. UiB har regelfesta ekstern sensor for alle fag.

For å hindre lokale tolkingar etter innføringa av det nye karaktersystemet ved universiteta i 2003, laga dei fire universitetsrektorane ei fråsegn med nasjonale retningslinjer for karaktersetting. Mellom anna sa fråsegna at karakteren C burde ventast å utgjere snittkarakter for store fag på lågare grad.

A eller ingenting

Rektor ved Universitetet i Tromsø seier til Forskerforum at UiTø har greidd omstillinga

på ein god måte, der retningslinjene frå rektorbrevet i stor grad er følgde.

– I forhold til den korte tida dei ulike fagmiljøa har hatt på å omstille seg, må eg seie at dei har greidd det overraskande bra. På mastergradnivået ser me at karakterane har hatt ein tendens til å vere høgare, men det er ikkje uventa. Årsaka kan ligge i at norske sensorar opplever press frå utlandske sensorar, og særleg frå Amerika, der alt anna enn A er rekna som elendig. Det er eit forferdeleg press på sensorane, som føler at dei skrinlegg planane til studentar som vil studere vidare i utlandet om dei gjev dei B, seier Aarbakke.

– Er dei norske sensorane meir sparsame med dei beste karakterane?

– Ja. Det syner seg ofte i samkvem med utlandske sensorar. Det er ikkje sjeldan me

vert fortalde at "This is a clear A", medan våre sensorar slett ikkje vurderer prestasjonen som like strålende. I USA gjev B mindre prestisje medan det er ein sterk karakter i Noreg. Dette vil me ordne med eit såkalla "Diploma Supplement". Det er eit vedlegg til vitnemålet, som greier ut om vektinga av karakterar i Noreg.

– De vil altså halde fast ved at A berre skal gjevast når prestasjonen er særskilt god?

– Ja.

– Men ved filosofi haustsemesteret 2004 fekk 71 prosent av masterstudentane denne karakteren. Korleis kan det ha seg?

– Eg har ikkje nok detaljkunnskap om dette eine resultatet, men meir generelt er det faktisk slik at enkelte kull kan vere fantastisk gode. Over tid jamnar dette seg ut. I rektorbrevet legg me også til grunn eit tidsperspektiv for at det nye systemet må få sette seg, seier Aarbakke, som presiserer at momentet om karakterpress frå USA ikkje gjeld dette einskilde tilfellet ved filosofi, men har vore erfaringar sensorar har gjort seg ved andre fag ved UiTø.

Rektoren er ikkje med på at det ligg noko tvilsamt i praksisen med interne sensorar som i dette tilfellet gav svært gode karakterar.

– Nei. Me har fleire døme på at interne sensorar ofte er strengare enn eksterne.

– Men kvi for blir då eksterne sensorar nytta?

– For å kalibrere nasjonale standardar for vurdering. Det er ei nyttig og naudsynt utveksling mellom institusjonane, seier Aarbakke.

I "Tromsøflaket", UiTø si nettavis står det at C var snittkarakter i Tromsø vårsemesteret 2004, og at Institutt for filosofi vil sjå på bruken av ekstern sensor som eit "viktig kvalitetssikringstiltak", etter det gode enkeltresultatet.

Tillits- eller pengebasert sensur

– Etter kvalitetsreforma vert deler av dei statlege løyvingane til utdanningsinstitusjonar justerte etter kor mange studentar som står. Det straffar seg økonomisk at mange stryker. Verkar denne ordninga inn på karaktergjevinga?

– Nei, det vil undergrave heile verksemda. Systemet er basert på ei tillit frå samfunnet



Studentane ved Universitetet i Tromsø fekk C i snittkarakter vårsemesteret 2004. (Foto: Forskerforum)

Nytt forskningsselskap i Stavanger

Rogalandsforskning (RF) og Universitetet i Stavanger (UiS) danner forskningsselskap sammen, skriver Stavanger Aftenblad. Selskapet, som ennå ikke har fått navn, skal eies 50-50 av de to institusjonene.

Selskapet dannes ved at RF går inn med alle sine ansatte og datterselskaper, mens UiS bidrag er den relevante delen av den eksternt finansierte forskningen.

– Målet er å få til et nytt internasjonalt tyngdepunkt innen forskning ved hjelp av samarbeid med internasjonale utviklingsdivisjoner, for eksempel innen mat, olje, gass og energi, sier dekan Arild Bøe ved UiS til Aftenbladet.

Kristne høyskoler får høyskoletilskudd

Fra høsten vil høyskoleundervisningen ved Ansgarskolen, Fjellhaug Skoler og Høgskolen i Staffeldtsgate finansieres av høyskole delen av statsbudsjettet, skriver Norge i dag.

Skolene får i dag statsstøtten fra friskolekapitlet i Statsbudsjettet, selv om de har hatt godkjenning for undervisning og eksamensrett i visse høyskolefag.

Budsjettavtalen mellom regjeringspartiene og Frp sikret også at de kristne høyskolene fikk tildelt midler til å opprette stipendiatstillinger. Rolf Reikvam (SV) går sterkt imot budsjettavtalen. Han mener regjeringen nå tar penger fra offentlige høyskoler for å gi til private.

Finnes Petter Smart ved NTNU?

Statsrådene Børge Brende og Per Kristian Foss besøkte NTNU i januar i forbindelse med at Næringslivets Idéfond nå starter fase II. Kortere tid fra oppdagelse til anvendelse er en av målsetningene, skriver Adresseavisen.

– Mens vi i fase I la vekt på å støtte doktorgradskandidater, vil vi i fase II gå ut og lete opp Petter Smart-ene i vårt miljø, sier prosessleder i fondet, Jon Lippe. Årets bevilgning fra Næringsdepartementet til fondet er på fire millioner, og målet er at minst like mye vil bli gitt som støtte fra næringslivet.



- Norske sensorar opplever press frå utlandske sensorar, og særleg frå Amerika, der alt anna enn A er rekna som elendig, seier Jarle Aarbakke, rektor ved UiTø. (Foto: Forskerforum)

om at me held oss til dei kunnskapsmessige vurderingane og aldri blandar finansielle sider inn i slike saker, seier Aarbakke.

Rådgjevar Bjørn T. Berg i Forskerforbundet er ikkje heilt samd. Jamt over har strykprosenten ved alle fag, både universiteta og høgskulane, gått ned sidan 1999. Største nedgangen ser vi i 2003, same år som dei nye karakterane vart innførte. Berg åtvarar mot utviklinga i strykprosenten og koplinga til finansieringsordninga.

- Strykprosenten går ned ved alle fag. På overordna nivå er det snakk om ein *stor* nedgang. Kvalitetsreforma har ikkje verka lenge nok til at den tettare oppfølginga av studentane allereie skulle ha gitt så store utslag. Det er difor grunn til å rope eit lite varsku i høve til faren for nivåsenking som følgje av den uheldige kombinasjonen av finansieringsordninga og bortfall av ekstern sensur - ein kombinasjon som også OECD har åtvara mot, seier Berg.

C er snittet i Bergen

Ved UiB samtykkjer viserektor for utdanning, Leiv Sydnes, med Aarbakke om at det norske karaktersystemet fungerer rimeleg bra, men også at det ikkje samspelel godt nok med utlandet.

- Jamt over ser det ut til at karakterfordelinga ved UiB er bra. Unntaka er enkelte fag som medisin og odontologi, der snittkarakterane har gått opp. Men her er også opptakskrava høge i høve til andre fakultet. I dei fleste andre fag dominerer karakteren C, noko som harmonerer med dei nasjonale retningslinene. Me opplever også å vekte karakterane annleis enn land i EU og USA. Det er eit problem, seier Sydnes.

- Vert det nytta interne sensorar ved UiB?

- Ja, det har det vore, men no er det nedfelt skriftleg som regel at UiB skal ha det me kallar "Programsensor", som er ein ekstern sensor. Dette gjeld for alle fag - både på høgare og lågare grad. Me gjer det mellom anna for å hindre eventuell "trynefaktor" å verke.

- Skil karakterresultata på masternivået seg frå lågare grad?

Fakta

Strykprosent Universiteta samla:

(Tala for 2004 er førebelse)

1999: 12,83
2000: 12,62
2001: 12,06
2002: 11,38
2003: 10,09
2004: 8,22

Strykprosent for høgskulane samla:

(Tala for 2004 er førebelse)

1999: 11,9
2000: 9,89
2001: 11,68
2002: 11,1
2003: 9,27
2004: 7,91
(Kjelde: NSD - DBH)

Samla karakterfordeling ved UiB vår 2004:

Lågare grad:

(i prosent)

A: 11,6
B: 29,9
C: 33,2
D: 18,0
E: 7,3

F: manglar

Høgare grad:

(i prosent)

A: 15,8
B: 32,4
C: 31,6
D: 15,6
E: 4,6

F: manglar

(Kjelde: Leiv Sydnes, UiB)

- Få har vore gjennom heile det nye regimet til no. Difor er det noko tidleg å trekke slutningar. Men karakterane på masterstudia dreiar nok mot å vere betre enn på bachelor. Skilnaden i vektinga av karakterar mellom fakulteta ser eg som eit større problem. Dette heng att etter hovudfagsordninga. Karakteren 2.0 er rekna for ein sterk karakter på Nordisk, men svak på realfag. Det er vanskeleg når grunnlaget for vurderingane ikkje samstundes vert kommuniserte i vitnemåla. Det er sett ned eit nasjonalt referansepanel med representantar frå universiteta og høgskulane som mellom anna skal jobbe med måtar å jamne ut desse skilnadene, seier Leiv Sydnes.

Karl H. Ystanes

Jordforsk i samarbeid med u-land

Jordforsk satser på nettverksbygging for å øke samarbeidet med institusjoner i utviklingsland, opplyser Landbruksdepartementet. Et møte mellom Jordforsk og African Network for Soil Biology and Fertility (AfNet) i Nairobi i april 2004, resulterte i en Memorandum of Understanding (MoU) som bygger på samarbeid mellom de to institusjonene innen jord- og miljøfaglige spørsmål, særlig i utviklingssammenheng. I mai i år, ble partene enige om å utvikle et samarbeidsprosjekt innen matforsyning og fattigdomsbekjempelse. Samarbeidet skal også søke å motvirke forringelse av naturmiljøet gjennom bruk av teknologier basert på bærekraftig og integrert forvaltning av jord og vann for å øke jordas produktivitet.

UiTø får karrieresenter

Universitetet i Tromsø har lenge vært det eneste universitetet i Norge uten et eget karrieresenter å tilby studentene. Men i løpet av 2005 åpner det, opplyser Tromsøflaket. Universitetene i Oslo, Bergen og Trondheim har i flere år drevet karrieresentre hvor studentene kan få råd og veiledning i karrierevalg. Nå kommer Tromsø etter. I universitetsstyrets budsjettbehandling for 2005 ble det bevilget en million kroner til å starte et karrieresenter. I tillegg til senteret skal pengene også benyttes til å styrke det internasjonale studentarbeidet ved Universitetet i Tromsø. Foreløpig er det ikke bestemt hvor senteret skal lokaliseres.

- Vi får se hvordan det skal gjøres. Muligens kan det bli et felles servicetorg hvor karrieresenteret samlokaliseres med et servicekontor for inn- og utreisende utvekslingsstudenter, sier universitetsrektor Jarle Aarbakke til Tromsøflaket.

Jakter på ny rektor

- Arild Underdal har vært altfor veik og utydelig, sier professor Kjell Lars Berge ved Universitetet i Oslo. Sammen med kolleger arbeider han med å finne en mindre reformvennlig rektorkandidat til valget i mai, skriver Universitas.

- Universitetet må være fristilt fra den markedsøkonomiske tenkningen og logikken som griper om seg og innføres med lynets hastighet i alle samfunnsinstitusjoner i Norge. En tenkning som sier at universitetets sentrale oppgaver, det vil si forskning, undervisning og formidling, er underordnet kravet om å tjene penger, sier Berge til Universitas.

Underdal har takket nei til gjenvalg som rektor, og sammen med blant andre Bernt Hagtvat, Tore Rem og Arne Johan Vetlesen, har Berge nå tatt fatt på arbeidet med å finne en annerledes rektorkandidat. Gruppen håper å kunne presentere den aktuelle kandidaten i mars.

- Det gjelder å fange bredden i universitetsmiljøet. Kandidaten skal være kjent for offentligheten, gjerne ha jobbet politisk, og ha en intellektuell holdning. Og han eller hun må være klar til å gå imot politikerne, sier Berge til Universitas.

Samlokalisering

Et spørsmål om penger

8. februar avgjør styret ved NTNU om universitetet skal samles på ett sted. Debatten koker ned til et pengespørsmål.

Følelsene er sterke i den største debatten ved NTNU siden starten i 1996. Skal universitetets aktiviteter på Dragvoll flyttes ned til campus Gløshaugen?

Dette spørsmålet blir avgjort på NTNUs styremøte den 8. februar, og det vil da være to sannsynlige utfall: Enten et klart nei eller et betinget ja. Stemningen hos ledelsen ved NTNU tilsier at det siste alternativet går gjennom, mens det blant de ansatte er et stort flertall som er i mot.

Det som imidlertid kan sette en stopper for det hele er økonomien.

– Jeg prøver å lete opp to milliarder kroner, og det er en vanskelig jobb, forteller universitetsdirektør Per Ivar Maudal ved NTNU.

Uklare tall

Disse milliardene eksisterer per i dag ikke annet enn som arealer og bygninger på

Dragvoll. Det er nemlig salget av dette som skal dekke inn kostnadene en flytting og nybygg rundt Gløshaugen vil medføre. Ifølge mannen som er satt til å utrede samlokaliseringen, Inge Fottland, er tallene fortsatt noe uklare. Foreløpige beregninger viser at en samlokalisering vil koste rundt hundre millioner kroner, med et såkalt worst case-scenario på minus 400 millioner kroner. Disse tallene er imidlertid svært omstridte, og flere kritikere hevder at de er ren ønsketenkning.

– Dette regnestykket vil ikke gå i hop, og det hele er basert på helt feil premisser, mener professor ved Institutt for konstruksjonsteknikk, Kolbein Bell.

Christian Thommessen er ekstern representant i NTNU-styret. Han gjør det klin-kende klart at han ikke vil ta imot noen som helst råd fra verken studenter eller vitenska-

pelige ansatte når det gjelder økonomi.

– Jeg blir rød om ørene når jeg hører professorer uttale seg om økonomien i dette prosjektet. Jeg vil ha meg frabedt slike innspill, fastslår siviløkonom Thommessen. Han mener at dette er et kompetanseområde som styret og administrasjonen ved NTNU skal håndtere, og dermed ikke noe som det skal synes om av folk som ikke kjenner faktagrunnlaget.

Massiv motstand

Forkjemperne for en samlokalisering peker på mulighetene for tverrfaglighet, samt det faktum at mange av studentene ønsker en flytting av Dragvoll-miljøet ned til byen. Dette har ikke vært gode nok argumenter for motstanderne.

– En utbyggingsperiode av Gløshaugen vil bli en stor påkjenning for både studentene og ansatte, og for å gå igjennom en slik periode må vi være sikre på at det vi får er noe veldig mye bedre og mer fremtidsrettet enn



Litteraturprofessor Brit Mæhlum er kritisk og samler inn underskrifter mot samlokalisering, mens rektor Eivind Hiis-Hauge leter etter penger til å finansiere det hele.



Professor Anne Grete Hestnes (t.h.) har ledet et utvalg som har sett på mulighetene for en samlokalisering av NTNU. Student Maria S. Fjellstad (i midten) og prosjektdirektør Inge Fottland er begge tilhengere av prosessen.

Betaler jenter for å studere teknologi

Høgskolen i Buskerud prøver en ny vri for å lokke jenter til tekniske fag, skriver nettstedet digi.no. Jenteandelen på ingeniørutdanningene er ned mot ti prosent. For å rekruttere flere, tilbyr høgskolen 25.000 stipendkrone til hver jente som begynner på ingeniørstudier høsten 2005. Næringsliv, organisasjoner, kommuner, Buskerud fylkeskommune og Høgskolen i Buskerud samarbeider om "Jentekampanjen". De frister med reisestipend, stipend til studiemateriell, mentorer i Kongsberg-industrien og egne kontaktpersoner ved høgskolen.

Studentane styrer forskingskronene

Det nasjonale fakultetsmøte for Realfag la nylig fram rapporten Baklengs inn i framtiden? I følge rapporten står det dårleg til med ressurstilgangen i norsk matematisk-naturvitenskapelig forskning. Rapporten slår fast at ein viktig mekanisme som leier ressursar vekk frå realfaga, er at forskingsinnsatsen i Noreg primært blir styrt av utdanningspolitikken. Faga ungdom vel å studere, får dei friske forskingskronene. Resultatet er at matematik-fag har den svakaste utviklinga både når det gjeld driftsutgifter, utgifter til vitenskapelig utstyr, og doktorgradsproduksjon, skriv På Høyden.

Høytidelig åpning i Stavanger

En nasjonal begivenhet. Det slo både kong Harald, utdannings- og forskningsminister Kristin Clemet og rektor Ivar Langen fast da Universitetet i Stavanger (UiS) ble åpnet 17. januar, skriver forskning.no. Med dette har en 40 år gammel visjon blitt virkelighet.

– Universitetet i Stavanger er en nyskaping i det norske universitetssystemet. Det gjelder måten det er etablert på, og ikke minst gjelder det fagporteføljen, siterer forskning.no fra Langens tale.

det vi har i dag, sier historieprofessor Steinar Supphellen. Han mener alle fordelene en samlokalisering påstås å gi er overdrevne, og at en slik prosess vil være mer kostbar enn hva gevinsten tilsier.

Her får Supphellen støtte fra professor Kolbein Bell.

Han mener samlokaliseringsprosjektet aldri burde vært utredet.

– Det gagnar ikke de oppgaver vi er her for å utføre, nemlig forskning og utdanning. Jeg savner klare målsetninger for hva man skal oppnå med en samlokalisering, sier Bell. Han fnysar av tanken om at tverrfagligheten skal bli bedre med å samle all aktivitet på én campus.

– Jeg ofrer ikke nødvendig *faglighet* for tverrfaglighet, fastslår Bell, som konkluderer med at flyttevilligheten blir sterkere dess høyere i NTNU-systemet man kommer.

– Kan dette ha noe med manglende bakkekontakt å gjøre? undrer Bell.



Styrerepresentant ved NTNU, Christian Thommessen, liker ikke at professorer uttaler seg om økonomiske beregninger i samlokaliseringsdebatten ved NTNU.

En bedre enn to?

Samlokaliseringstilhengerne mener at én campus er bedre enn to. Flere peker på at en samling av all aktivitet nær sentrum vil gjøre Trondheim mer attraktiv som studentby, noe spesielt studentpolitikkerne fokuserer på. Videre er tanken om flere vellykkede tverrfaglige prosjekter en av visjonene en samlokalisering kan gi.

– Selvsagt er det en fordel for universitetet med en samlokalisering, fastslår NTNU-rector Eivind Hiis-Hauge kategorisk. Han har stor tro på økt trivsel blant både studenter og ansatte, og legger vekt på mulighetene for mer tverrfaglighet.

Aktiv kommune

Trondheim kommune vil nå også ta en aktiv part i saken. I et saksfremlegg som skal legges frem for formannskapet heter det at Trondheim kommune "vil være en pådriver og tilrettelegger for at samlokaliseringsplanene skal kunne bli en realitet". Et premiss er at NTNU og Høgskolen i Sør-Trøndelag samlokaliseres, og ifølge saksfremlegget vurderer kommunen sågar å gå inn "med et betydelig økonomisk engasjement". Rent konkret hva det økonomiske engasjementet innebærer er også svært uklart, og denne saken vil bli gjenstand for politisk behandling i tiden som kommer.

Økonomiske lovnader har det imidlertid vært langt mer stille om fra regjeringsshold. Departementet har signalisert at samlokalisering er helt greit så lenge det er selvfinansiert, og det er her spenningen ligger. Hvis det ikke er økonomi i prosjektet, er flere av initiativtakerne klare til å legge ballen død.

– Jeg vil ikke legge frem en anbefaling for samlokalisering hvis vi ikke har et økonomisk forsvarlig prosjekt, fastslår universitetsdirektør Per Ivar Maudal. Han får støtte av NTNU-rector Hiis-Hauge.

– Hvis jeg måtte bestemme meg på ett minutt, ville jeg ut fra den informasjon jeg har om økonomien nå, ikke gått inn for samlokalisering, sier NTNU-rectoren.

De fleste i NTNUs styre påstår at de ennå ikke har fattet standpunkt i saken, og at de vil vente helt til styremøtet 8. februar med å bestemme seg. Mye tyder imidlertid på at det vil bli et betinget ja, som igjen vil føre til mange omkamper.

– Blir det et ja, kan vi stoppe prosessen senere, mener Christian Thommessen.

Av Bernt Gran (tekst og foto)

NTNU vil sjekke kontrakter

Organisasjonsdirektør Trond Singaas ser ikke bort fra at det finnes ulovlige tilsetningskontrakter ved NTNU, skriver Adresseavisen. Singaas opplyser at universitetet har startet en gjennomgang for å sikre at de midlertidige skal være lovlige.

– Fakultetene og sentraladministrasjonen er i ferd med å undersøke om de midlertidige tilsetningskontraktene er godt begrunnet. Vi er ikke uenig i at bruken av midlertidige tilsetningsforhold skal ha et visst begrenset omfang, men vi og fagforeningene har ulike vurderinger i hvilken grad midlertidighet kan brukes, sier Singaas til Adresseavisen. Han forklarer økningen i midlertidige stillinger i hovedsak med kvalitetsreformen.

– Reformen er ny og såpass tid tar det i forhold til å få studieprogrammer på plass, og for å se hvilke løsninger reformen krever, sier Singaas.

HiA får nei til doktorgrad

Den sakkyndige komiteen vil ikke godkjenne Høgskolen i Agders opplegg for ny doktorgrad i IKT, melder Fædrelandsvennen. Den faglige komiteen som er opprettet for å vurdere HiAs søknad om den tredje doktorgraden, krever en rekke endringer i utformingen av studiet. HiAs nettside slår imidlertid fast at komiteen mener HiA har "en tilstrekkelig faglig basis for å kunne tilby doktorgradsutdanning".

– Nå tar vi grep for å imøtekomme den sakkyndige komiteens innvendinger. Samtidig er vi godt fornøyd med den positive kompetansevurderingen. Å bygge opp den faglige basisen har vært det tyngste løftet, sier rektor Ernst Håkon Jahr til HiAs nettside.

Fornøyde studenter i Tromsø

Ingen har så få studenter per ansatt som Universitetet i Tromsø. På Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet er det knapt fire studenter per ansatt.

Det går fram av "Utdanningsmelding for studieåret 2003/2004," som er et kvalitetssikringssystem ved Universitetet i Tromsø (UiTø), melder Tromsøflaket.

Sist høst ble det registrert 5.674 studenter og 671 faglig ansatte ved UiTø. Det utgjør i gjennomsnitt 8,46 studenter per faglig ansatt. Til sammenlikning har Universitetet i Oslo 14,82 studenter per faglig ansatt. Ved Universitetet i Bergen og NTNU i Trondheim er de samme tallene henholdsvis 14,05 og 12,72.

Rector Jarle Aarbakke forklarer tallene med Tromsø-universitetets unike sammensettning av studietilbud.

– Vi er tyngre på profesjonsstudier og har mer bredde enn de andre universitetene. Mens Universitetet i Oslo har mest samfunnsvitenskapelige- og humanistiske studieretninger, har vi i tillegg studier som farmasi, medisin, tannlege, og psykologi. Disse studiene krever flere ansatte, sier Aarbakke.

Universitets- og høgskoleloven

Ansatt eller valgt rektor?

Hvis ikke rektor velges internt, risikerer academia en svekkelse av faglig innhold og utvikling ved den enkelte institusjon. Fokus flyttes fra fag til administrasjon. Det mener rektorene ved tre utdanningsinstitusjoner i Bergen.

Forslaget til ny Universitets- og høgskolelov åpner for at rektor kan ansettes i stedet for å velges. Hva mener rektorene selv? Forskerforum stilte følgende spørsmål til rektorene ved Universitetet i Bergen, Kunsthøgskolen i Bergen og Høgskolen i Bergen:

1) Bør styret ansette rektor, eller bør rektor velges?

2) Hvilke forandringer i negativ og positiv retning vil det føre til i institusjonen dersom rektor blir den nye "administrerende direktør" med tittelen rektor? Og hvilke konsekvenser ser du for deg at dette vil føre til for ditt vedkommende?

3) Hva har det å si for ditt standpunkt at NHH og UiO har vedtatt å beholde systemet med valg av rektor?

Av Sigrid Folkestad

**Kirsti Koch Christensen,
rektor ved Universitetet i Bergen**


1) Jeg ønsker at rektor fortsatt skal velges og være styrets leder.

2) Det ville kunne svekke den faglige ledelsen. For meg personlig, som går av som rektor 31. juli i år, vil ikke konsekvensene være særlig store.

3) Dersom den delen av lovforslaget som omhandler rektor blir vedtatt, finner jeg personlig det mest logisk at rektor ansettes. Men her vil jeg selvfølgelig lytte til medlemmene i UiBs styre.

**Nina Malterud,
rektor ved Kunsthøgskolen i Bergen**


1) Kunsthøgskolens styre har så langt hatt valgfrihet i dette spørsmålet, og det ønsker vi fortsatt. En valgt rektor bærer i prinsippet med seg forankringen til faglig innhold og fagmiljø, og kunnskap om institusjonen, noe vårt styre har ansett som et fortrinn. Men med det lille fagmiljøet vi

har, kan man forutse at det kan komme perioder hvor man ikke har gode interne rektorkandidater. Da er det nødvendig å ha mandat til å kunne gå ut eksternt for å finne kandidater.

KHiB går inn for å videreføre ordningen med rektor som styreleder. Rektors faglige lederskap er en viktig ressurs i styret.

2) Alle modeller har selvsagt både positive og negative sider. Negativt tror jeg dette er en styringsmodell som kan komme til å svekke faglig representasjon i ledelsen. Krav om lederkompetanse innen administrasjon og økonomi vil kunne fortrenge kandidater med sterk faglig bakgrunn innen kunst og design. Rektor har gjennom styrelederposisjonen i mange tilfeller avgjørende innflytelse på hvilken innfallsvinkel styret skal velge. Derfor er de faglige kvalifikasjonene så viktige.

For mitt eget vedkommende er min valgte periode slutt sommeren 2006. Jeg har ingen ambisjoner om å bli ansatt rektor i en eventuell ny styringsordning.

3) Det er interessant at også de store institusjonene ser slik på dette, men mitt standpunkt er tatt uavhengig av dette – og etter en omfattende vurdering i forlengelse av Ryssdal-utvalgets innstilling.

**Eli Bergsvik,
rektor ved Høgskolen i Bergen**


1) Eg ønskjer at den einskilde institusjon skal stå fritt med omsyn til om han vil ha tilsett eller vald rektor. Det er god tradisjon innanfor akademia å ha sjølvråderett.

2) Slik eg ser det, er institusjonen best tent med å ha ein intern styreleiar; ein som kjenner tilhøva og den faglege

tenkinga ved institusjonen. Fordelen med å halda på eksisterande ordning, er at rektor kan halda fokus på fagleg leiing med god støtte av styresekretariatet og administrasjonen leia av høgskuledirektøren. Ei mogeleg negativ endring dersom rektor vert den nye "administrerende direktør" med tittel rektor, kan bli at rektor vil bruka mykje tid og krefter til administrativt arbeid som trengjer seg på. Slik sett kan det verta vanskelegare å setja dei større utdanningsspørsmåla i fokus og få nok tid til strategisk arbeid.

Ein ekstern og ein intern styreleiar kan ha ulike syn på kva som er strategi, kvalitet og effektivitet. Ein demokratisk vald rektor vil bygga på verdigrunnlaget til institusjonen og ha den naudsynte legitimiteten for å kunna leia verksemda. Eg trur og at det er lettare for ein intern styreleiar å skapa forståing for vedtaka i styret.

Det kan vera positivt at ein ekstern styreleiar kan profilera institusjonen. Men eg meiner at auken i talet på eksterne styrerepresentantar gjer same nytten og har god erfaring med det.

3) Standpunktet mitt er uavhengig av kva dei to institusjonane har vedteke. Det er eit prinsipielt standpunkt som også styret for Høgskulen i Bergen har slutta seg til i høringsfråsegna. Men det er sjølvstendig viktig for tyngda av saka kva to slike store og tradisjonsrike institusjonar meiner.

Ni av ti får avslag på fri forskning

Berre 8,5 prosent av dei som søkte Norges forskningsråd om støtte til nye frittstående prosjekt i 2005 fekk tilslag. UiB-forskarar fryktar for framtida til den frie forskinga, skriv På Høyden.

Forskarinitierte frittstående prosjekt er Forskningsrådets hovudverkemiddel for å støtte langsiktig grunnforskning. Men initiativrike forskarar har små sjansar for å få pengar til å gjennomføre prosjekta sine, etter den siste søknadsrunden å dømme. Forskarar ved UiB fryktar for framtida til den frie, forskarinitierte grunnforskninga.

– Det finst knapt frie midlar igjen. Dette er resultatet av ein langsiktig trend. Dersom vi framleis ønskjer fri forskning, må noko gjerast, seier professor i samanliknande politikk Stein Kuhnle til På Høyden.

Vil ha universitet i Telemark

Telemarkspolitikere fra samtlige partier støtter arbeidet med å få et universitet i Telemark, skriver TA. Dette kom fram på et møte i Høgskolen i Telemarks lokaler i Porsgrunn.

– Et universitet vil helt klart heve statusen på høyere utdanning i vårt distrikt, som i neste omgang vil føre til at flere fra Telemark velger å utdanne seg i hjemfylket sitt, sier FrP's Bård Hoksrud. Også tre andre som sitter på telemarksbenken på tinget – Sigvald Oppebøen Hansen (Ap), Kari Lise Holmberg (H) og Sigbjørn Molvik (SV) – støtter universitetstanken.

Rektor Dag K. Bjerketvedt ved Høgskolen i Telemark påpeker at et regionalt samarbeid kan være nødvendig for å få realisert universitetstanken.

UiO får mest oppmerksomhet

Arild Underdal er medienes yndlingsrektor. Universitetet han leder får mest oppmerksomhet, skriver Universitetsavisa. I 2004 ble Underdal omtalt mer enn dobbelt så ofte som NTNU-rektor Eivind Hiis Hauge i avisene.

Ifølge tall fra medieovervåkningsbyrået Magenta som dekker 4.100 digitale nyhetskilder i mer enn 40 land, ble Underdal nevnt 282 ganger i løpet av fjoråret. Han opptre i media mye oftere enn rektorene fra den andre universitetene. Ifølge en liste som Universitetsavisa har utarbeidet, havner Bergens rektor Kirsti Koch Christensen på en andreplass med 140 treff. Hiis Hauge er på tredjeplass med 134 treff, mens Jarle Aarbakke ved Universitetet i Tromsø følger like bak med 127 treff.

Ingen geiter å sjå på Ås, men her er iallfall ei forsteina ku.



Ser du geita?

Landbrukshøgskolen har vorte universitet. Der arbeider filosofar, økonomar og genteknologar. Eg gjekk rundt på Ås ein heil dag utan å sjå ei geit.

EIN KAN VEL KØYRE ETTER lukta av lort? Det er tidleg morgon, blå himmel og rosa skyer. Eg er på veg sørover frå Oslo for å vitje Landbrukshøgskolen som vart universitet. Kva meiner dei tilsette om den nye statusen? Kva rører seg bak universitetsfana, og korleis er vilkåra for forskingsfridom?

Eg tek av vegen då eg ser skiltet "Norges Landbrukshøgskole". Vegvesenet er ikkje oppdaterte, og verre skal det verte: "Velkommen til Landbrukshøgskolen" står det på universitetets eige skilt. Men sjå der, eit segl heng i trea: "Universitetet for miljø og biovitenskap - UMB".

Sigurd Rysstad tek imot meg utanfor det majestetiske tårnbygget. Han er tilsett ved Institutt for økonomi og ressursforvaltning og hovudtillitsvald i Forskerforbundet ved UMB.

I gangen utanfor kontoret til Rysstad ligg ei semesteroppgåve i marknadsføring: "En ny leverpostei blir til." På nabokontoret sit Terje Kvilhaug som driv med etikk og miljøfilosofi.

Mellom filosofien og marknadsføringa er det berre meg, seier Rysstad. Sjølv er han landbruksøkonom.

Kva er ein tillitsvald ved eit splitter nytt universitet oppteken av?

UMB-styret skal snart ta stilling til spørsmålet om vald kontra tilsett rektor. Alt i 2003

fekk vi eit nytt styringssystem med tilsette instituttleiingar som òg er med i leiargruppa til rektor. Forskerforbundet ved NLH klarte den gongen å få gjennomslag for at fagmiljøa skulle ha reell innverknad i innstillingsprosessane. Vi fekk òg behalde eit system med valde instituttstyre der vitskapleg tilsette framleis har ein solid representasjon, seier Rysstad.

Instituttstyra står i fare for å forsvinne, og vi kan få ei ordning med tilsett rektor. Legitimitet får ein gjennom val. Dette er to viktige styringsspørsmål som handlar om institusjonen framleis skal vere medarbeidarstyrt, seier Rysstad. Han fryktar at mange av endringane i sektoren vil vere kontraproduktive.

Eg trur knapt det finst ein annan sektor med like store produktivitetsskilnader mellom dei minst og dei mest produktive. Det er freistande å tru at ein med profesjonelt leiar-skap kan få "latsabbane" til å jobbe, men eg er redd for at for mykje styring av forskinga samtidig vil øydeleggje det gode ved institusjonen – dei som produserer svært mykje. Dersom ein skal motivere folk til å produsere mykje, bør dei fritt kunne fylgje ideane sine. Det vert òg mindre attraktivt å arbeide i academia dersom ein fjernar det store fortrinnet som ligg i fridomen. Vi har ikkje høgare løn, men

akademia kan by på fridom. Dersom ikkje dei beste forskarane skal forsvinne til industrien og instituttsektoren, bør vi halde på fridomen. Det er den som fører til lojalitet og verketrang, seier Rysstad.

Er ikkje denne argumentasjonen farleg? Kanskje det let seg prove at det ikkje løner seg å gje folk for mykje fridom?

Det er ikkje prosjektmidlar som er målet. Målet er god forskning og undervising.

Men korleis kan ein få has på latsabbane utan styring?

Sa eg latsabbar? Det må du skrive i hermetekn, seier Rysstad.

EG HAR EIN AVTALE med Stig Omholt, leiar for Cigene, senter for integrert genetikk.

Omholt kan spissformulere seg, seier Rysstad, der han viser veg. Eg les på eit skilt: Hønsehusa, Nedre grisehus. No nærmar det seg noko, men det er ingen geiter å sjå.

CIGENE er eit fleirinstitusjonelt føretak med UMB som vertskap. Senteret vart etablert med pengar frå Forskingsrådet i 2003 og er ei av teknologiplattformene i den nasjonale FUGE-satsinga vedrørende påvisning, deteksjon og fortolkning av genetisk variasjon og i systembiologi.





– Ein får ikkje folk til å arbeide i 50-70 timar i veka utan å kjenne ei indre glede ved det, seier Stig Omholt.

► – Rekrutteringspolitikken ved norske universitet er basert på sex, seier Stig Omholt før vi har sett oss ned.

Han er uroa for at nye definisjonar av forskingsfridom snik seg inn med ei ny universitetslov.

– Skal fridomen gjelde på institusjons-, fakultets-, institutt-, seksjons- gruppe- eller forskarnivå? Det ser ut til å vere total forvirring om dette mange stader. Mi personlege meining er at når ein fyrst er tilsett i fast stilling, er det for seint å styre forskinga. Då gjeld det, og bør det gjelde, vide fullmakter for kva ein bruker forskingstida på. Dersom den tilsette ikkje fungerer godt i stillinga, er det i prinsippet ein brest hjå institusjonen, ikkje hjå personen, seier Omholt.

Men var det ikkje noko med sex han sa? No kjem det snart:

– Rekrutteringa i dag er basert på lause komitéinnstillingar og relativt lause kompetansekrav. I stillingar med så stor fridom, må ein kunne velje folk på øvste hylle og seie nei dersom ein ikkje finn nokon som er gode nok. Likeins bør ein ta til å bruke ei form for tenure track-system i større grad. Dette er ikkje minst viktig dersom ein skal halde fast ved eit forskarstyrt universitet, seier Omholt og kallar rekrutteringspolitikken ved norske universitet "usedvanleg amatørmessig".

– Men basert på sex?

– Det dreier seg om at norske akademikarar, som regel kvinner, reiser ut og tek med seg ein, som regel dyktig, partnar heim. Det er trist at ein ikkje greier betre enn dette.

– Er norsk academia truga innanfrå av det midelmåtige?

– Nei, men om ein ikkje sikrar rekrutteringa betre, tvingar det suboptimale seg fram. Ein sikrar forskarautonomien best ved å leggje lista høgt. Jo meir driv det er i folk, jo vanskelegare er det å legitimere innføring av styringsstrukturar som primært er laga for næringsliv eller statleg forvaltning. I dag prøver ein fleire stader å kvalitetssikre resultatata ved å leggje opp til styringsstrukturar som ser ut til å ha som grunnleggande premiss at fleirtalet av norske professorar treng støttekontakt.

Det er meningslaust å late ein professor få instruksjonsmakt over ein annan når det gjeld det forskingsfaglege. Dette vil ikkje medverke til å gjere universiteta attraktive for gåverike menneskje, seier Omholt som har kome med ideen om ambisjonsbudsjett:

– Kvar fagleg tilsett bør kunne leggje fram planar for instituttleiinga om kva ein ynskjer å fordjupe seg i. Ein må reflektere over kva ein vil, og framlegget mitt er å levere dette ein gong i året i form av eit ambisjonsbudsjett. Dersom det viser seg i år etter år at ein ikkje kjem nokon veg, at ambisjonane er for høge eller låge, må ein justere. Då må ein kunne seie: "Du skulle nå det og det, men du har ikkje nådd det og det". Men ein må behandle folk ordentleg og ikkje drifte academia som eit fotballag, noko ein har sett tendensar til i Sverige. Eg vil heller bruke ein familiemetafor: Ein må gje og ta og gjere det beste ut av dei ein har. I eit velfungerande institutt kan leiaren i prinsippet nøye seg med "management by walking around"-modellen.

– Kor går grensa for kva ein kan kreve av fagleg tilsette?

– Ein kan ikkje mobbe folk fordi dei ikkje leverer mykje eller godt nok. Svaret ligg i ein mykje tøffare rekrutteringspolitikk. Men i forskingsfridomen ligg det ingen fridom til å ikkje produsere, og ein må fange opp dei som ikkje fungerer, seier Omholt som ikkje er redd for å bruke omgrepet elitisme:

– Eg vil ikkje låne styringsstrukturar frå verken næringsliv eller forvaltning. På grunn av akademias eigenart, må ein kunne vere elitistisk samtidig som ein ynskjer eit egalitært samfunn. Det kan ikkje ligge demokratiavgjersler bak kva ein skal forske på. Elitisme vert så fort negativt ladd, men ein må då kunne skilje mellom intellektuell kapasitet og menneskeverd.

– Ein del av dette kling amerikansk. Er det noko frå den kulturen du ikkje vil importere?

– Eg vil ikkje ha ein struktur der konkurransen er så hard at han forgiftar dei mellommenneskelege forholda. Det er ikkje stas når ein professor på toppen er den einaste som veit kva som skjer i ein lab, medan ein gjeng postdocar arbeider livet seg og har personen ved sida av seg som sin verste konkurrent. Det er ikkje den typen patologi vi skal kultivere.

– Kva har den nye universitetsstatusen å seie?

– Då det fyrste initiativet til universitetsstatus kom for seks år sidan, meinte eg at institusjonen ikkje var mogen for det ved at det lett kunne bli ei sovepute som forhindra ei nødvendig fornying. No er eg meir positivt innstilt. Vi har i praksis vore universitet i lang tid, men den formelle statusendinga vart nødvendig då det på typisk norsk regionalpolitisk vis vart opna opp for å gje universitetsstatus til regionale høgskolar som knapt hadde doktorgradsprogram å vise til. Problemet er ikkje talet på universitet, men at det alt no er altfor lite pengar i systemet. Fleire universitet og meir konkurranse om den same pengesekken må nødvendigvis resultere i redusert intellektuell masse og dårlegare kvalitet.

– Kor viktig er sjølv namneendringa?

– Eg har aldri hatt problem med NLH-namnet, og internasjonalt har vi kalla oss Agricul-

tural University of Norway. Men mange gler seg over at landbruksnamnet forsvinn og at det vert lettare å trekkje studentar. Folk har sett på NLH som ein skule for avanserte gardbrukarar, og denne haldninga har ein funne i breie lag av academia òg. Dersom budsjettet for marknadsføring er det same, er det nok lettare å få studentar til UMB enn til NLH.

– Har de bruk for studentar som ikkje kan sjå forbi eit namn?

– Vi treng ikkje så mange fleire studentar uansett, det hadde berre vore fint med større søking. Ein skal hugse at slike sosiale markørar er viktige for mange unge. Ein gong låg det svært mykje prestisje i landbruk, men i dag har det ikkje same legitimiteten. Kan hende UMB får den same statusen som NLH ein gong, men i ein ny sosio-kulturell kontekst, seier Omholt.

Til slutt pensar vi inn på rekrutteringa av fagleg tilsette att. Kva har vel eit namn å seie, om ein ikkje får dei beste folka hit?

– Mange er redde for å rekruttere folk som er smartare enn dei sjølv, men det er eit suksesskriterium å klare dét. Då har ein gjort noko som vil leve vidare gjennom dei etter at ein sjølv er ferdig. Då kan ein stenge døra, seie ha det og vite at det kjem til å halde fram betre enn før.

– Har du klart det?

– Det har eg. Definitivt.

VI PRØVER EIT ANNA perspektiv: Korleis er det å vere underordna ein forskingsleiar ved UMB? Vert ein styrt for mykje? Eg kryssar universitetsområdet, framleis utan å sjå geiter, men ein fasade er utsmykt med steinhovud av hest, ku, sau og gris.

Ved Institutt for kjemi, bioteknologi og matvitenskap finn eg forskar Ågot Aakra.



Ågot Aakra forskar på enterokokkar – ei gruppe av mjølkesyrebakteriar. Somme av desse er "snille" og er brukt i matproduksjon, medan andre kan vere sjukdomsframkallande.

Ho tilhøyre eit fagmiljø i mikrobiell gen-teknologi. Forskingsgruppa, med studentar, er på rundt 20 personar, men har berre tre fast tilsette. Professor Ingolf F. Nes er gruppeleiar.

- Eg byrja arbeida på laboratoriet her som hovudfagsstudent for ti år sidan, seier Aakra som vart ferdig med doktorgraden i 2000. Ho er tilfreds med organisasjonen ho tilhøyre.

- Vi har ein godt organisert lab og faste gruppemøte, noko som eg trur har vore viktig for forskningsproduksjonen og kontinuiteten i gruppa. Då institutta ved NLH vart omorganiserte for to år sidan, vart det sagt at gruppa vår var ein slags mal; ein professor med sine "undersattar". For oss prosjektilsette vart ikkje omstillinga så stor, for andre ved UMB har det nok vore meir komplisert.

- Er forskningsfridomen stor nok når ein tilhøyre ei slik tett gruppe?

- I gruppa vår synest eg at vi har stor fridom og vert ikkje stoppa dersom vi har gode, og ikkje altfor dyre, idear. Slik må det vel òg vere? Forskningsfridomen vår blir mest avgrensa av pengemangel. I eksperimentelle fag er driftskostnadene høge, noko som gjer at ein er avhengig av løyvingar utanfrå. Det er lite å hente frå institusjonen sjølv, seier Aakra. Ho har vore tilknytt eit prosjekt i tre år, og no ser det ut til at finansieringa går i orden for tre år til.

- Eg reknar med å vera mellombels tilsett i ei god stund enno. Ved universiteta er det nærast stillingsstopp, og snittalderen på fast tilsette blir høgare og høgare, noko som truleg vil bli eit problem for kontinuiteten i forskning og undervisning.

- Korleis vil universitetsstatusen spele inn for forskingsmiljøet ditt?

- Eg har ikkje merka noko til han sjølv enda, men mange ynskjer nok at universitetsstatusen skal føra til større fridom og mindre administrative føringar. Men, igjen, vi prosjektilsette kjem nok til å merka dette i mindre grad enn den faste staben.

- Kva med det nye namnet?

- Miljø og biovitenskap..., namnet er tidsriktig med bruk av eit populærord som miljø, men kor lenge varer det før det er "ut"? Det nye engelske namnet derimot er godt: Norwegian University of Life Sciences, seier Aakra.

MANGE DELAR AV UMB er sterkt internasjonalt orienterte. Professor Brit Salbu, leiar av Isotoplaboratoriet ved Institutt for plante og miljøvitenskap, er slik. Ho vart nyleg vald til å leie NATOs nye satsing på tryggleik gjennom miljøarbeid. Symptomatisk nok er ho i Washington i dag, men seinare får eg tak i henne på telefonen.

- Nukleære problem har stor internasjonal interesse. Oppbygging av norsk kompetanse etter Tsjernobyl-ulukka medfører at Noreg også kan bidra internasjonalt, seier Salbu.

- Fagområda tilknytt radioaktivitet vart "nedlagde" utover 1970- og 80- åra då det vart klart at Noreg ikkje skulle ha kjernekraft. Etter Tsjernobyl-ulukka i 1987, vart det akutt behov for nasjonal kompetanse, også ved NLH. Attoppbygginga måtte skje raskt for å dekkje beredskapsbehovet. Dette er eit godt døme på



- Eg håpar at både vi og det nye Universitetet i Stavanger vil få ein naturleg plass i den norske universitetsfamilien, seier rektor Knut Hove.

kortsiktig forskingspolitikk. Ingen tok ansvar for å oppretthalde nasjonal kompetanse på eit lite, men viktig fagområde, seier Salbu.

Som leiar for NATOs miljøpanel er ho med på å leggje strategiar for korleis ein kan hanskast med katastrofar som ras, jordskjelv eller atomulykker.

- I ein slik setting er eg nøgd med eit namnebyte, eit namn som vier at eg kjem frå ein relevant institusjon. Dei siste 20 åra har vi delteke på mange ekspedisjonar, både til andre land og til ulike havområde. Mange har smilande spurt oss kva landbruket har på havet å gjere.

- Er det nye namnet dekkjande?

- Ja. UMB har brei kompetanse om ulike kjelder, transport av ulike stoff og biologiske effektar i ulike økosystem. Kunnskapen er ikkje avgrensa til dyrka mark, seier Salbu.

TIL SLUTT TREFFER EG rektor Knut Hove.

- Kva har du sett i dag då? spør han. Eg fortel om fagfolka eg har snakka med.

- Ja, om vi ikkje har total djubde, har vi god breidde.

- Men ingen i heile dag har hugsa å seie UMB eller universitetet. Dei seier NLH?

- Det var pinleg, seier han spøkefullt.

- Kva er det viktigaste ved universitetsstatusen?

- Det gjev ein betre måte å kommunisere med studiesøkande ungdom på. Studentar her har vorte møtte med spørsmål som "skal du ikkje verte bonde?" Det ville ikkje ha vore lett å rekruttere studentar med bachelor frå eit universitet til ein høgskule. Konseptet vert oppfatta ulikt, og universiteta er dei mest avanserte utdanningsinstitusjonane vi har. Mange har òg kommentert - "er de ikkje universitet før no?"

- Korleis håpar du at opinionen vil oppfatte UMB?

- Vi må oppretthalde inntrykket av at vi

driv avansert forskning på områda våre, at vi er sterke på felt som bioproduksjon, mat, miljø, og innanfor teknologi og økonomi på spesialområda våre. Det er òg eit kjenneteikn ved oss at vi arbeider med praktiske løysingar og at vi har god kontakt med næringslivet.

- Vert vilkåra betre for samarbeid med andre institusjonar?

- Vi har frå før gode relasjonar med kollegaene våre i U&H-sektoren, og eg trur ikkje skilnaden vert så stor. Vi har alt i dag mange medarbeidarar som er utdanna ved andre akademiske institusjonar, og eg ventar at vi kan verte meir attraktive som universitet, både i kunnskapsnettverk nasjonalt og internasjonalt, og som arbeidsplass for folk utdanna i utlandet.

- Nokre tilsette er uroa for at utviklinga går mot mindre fagleg fridom for den enkelte. Kva seier du til dei?

- Forskarane vil ha dei same akademiske rettane som før. Vi er kritisk avhengige av kreativiteten og arbeidsgleda til dei tilsette for å oppnå gode faglege resultat. Forskarane må sjølve avgjere kva metodar dei vil bruke og kva faglege nettverk dei vil delta i. Dei må sjølve styre tida dei bruker på dei faglege problem som vert adresserte innanfor tidsrammene som er fastsette. Dette må òg gjelde når det er institusjonen som fastset prinsippa for fordeling av arbeidstid, slik departementet har delegert no.

SÅ GÅR SOLA NED over Ås. Då eg reiser, har eg noko dårleg samvit for at eg ikkje trefte nokon av dei som driv med husdyr. Seinare får eg høyre at det finst ein på Ås som arbeider nesten berre med geit. Dermed er det klart: Neste gong eg kjem til Ås - då skal eg inn i eit fjøs.

Av Kjetil A. Brottveit (tekst og foto)

Det gode menneske i Forskningsrådet

Staten bruker 240 milliarder på trygder per år.
På forskning bruker de 14 milliarder. Den nye sjefen i
Forskningsrådet, Arvid Hallén, har en jobb å gjøre.

IKKE HAR DE NOK penger, ikke har de nok ansatte og ikke er de habile. Det er ikke annet en kjeft å få. Hvorfor vil mannen seg så vondt? Hadde ikke sosiologen Arvid Hallén det bedre som sjef ved NIBR? Da kunne han i det minste være med på klagingen over Forskningsrådet og skrive om Bygde-Norges fortreffelighet.

– *Hvorfor har du tatt jobben?*

– Jeg har vært i dette forskningssystemet siden jeg begynte på universitetet. Jeg har vært forsker, forskningsleder, instituttssjef og direktør for Kultur og samfunn her i Forskningsrådet. Jeg kan denne bransjen veldig godt etter hvert. Forskningsrådet har en stor rolle i dette systemet, det motiverer meg til å ville gjøre systemet enda bedre. Noe av den kunnskapen jeg har om rådet, kan også komme til nytte i den omstillingsprosessen vi er inne i.

I tillegg kommer dette at Hallén har få fiender.

– Jeg har fått veldig mange støtteerklæringer og oppfordringer om å ta jobben. Det motiverer meg også.

– *Men når du har vært så lenge i Forskningsrådet og fått mange venner der, er du i stand til å være hard? Vi ser jo i UD hva som skjer når folk blir sosialisert inn i en rolle.*

– Her er det to aspekt: For det første er rådet nylig omorganisert på en ganske gjennomgripende måte. Rådet er organisatorisk sett nytt. Utfordringen på kort sikt blir å få dette til å fungere på en god måte. For det andre er min tilnærming til oppgavene våre også preget av jeg har lengst fartstid på utsiden av systemet. Jeg har vært i søkerposisjon både som individuell forsker og som leder for Norsk institutt for by og regionsforskning, NIBR. Jeg har med andre ord også med meg et kundeperspektiv.

Her er det fristende å kommentere valget av kunden som analogi for forskeren, men vi skal la det ligge. Hallén mener seg altså i

stand til å forstå dem som er på utsiden og vil inn i varmen.

– Om jeg har en viss evne til å føre dialoger med dem som søker, er det mye fordi jeg kjenner til hvilken posisjon man som forsker og søker er i. Det er en fordel at man ikke bare har vært på den ene siden av bordet.

MEN NÅ ER HAN leder. Hvilken ledelsesfilosofi er det Hallén erkjenner seg til? Jan Erik Langangens filosofi om at en god leder er en god leder samme hvilken virksomhet han eller hun leder? Nei. Hallén er heller ikke tilhenger av "management by fear", hevder han.

